

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.04.2015

**Marte Malones** viste til RS 60/15 og bad på vegner av A om svar på følgjande:

"Vil fylkesordføraren legge til rette for at det kommer opp sak for KURE/FUV i forbindelse med evaluering av prøveprosjekt med delegasjon av midlertidig myndighet i visse saker etter kulturminneloven § 8 første, andre og tredje ledd? Dette særlig med tanke på innspill/synspunkter på eventuelle utvidelser av ordningen (som i følge RS 60/15 gjerne kan tas inn i rapporteringen)."

**Silje Hjemdal** viste til RS 67/15 og bad om å få orientering om kva for tiltak som virkar. Fylkesordføraren vil invitere fagopplæringskontoret til neste møte i fylkesutvalet.

**Silje Hjemdal** viste til RS 63/15 og spurde om fylkeskommunen har gjeve tilbakemelding innan fristen 1. april. Fylkesordføraren svarte at det truleg ikkje er gitt tilbakemelding, men dette vil verte sjekka. Hjemdal bad om å få referat frå møtet i Samferdselsdepartementet. Ho etterspurde også status for tidlegare bestilt sak om elbil på ferjer. Fylkessdirektøren for samferdsel opplyste at det vil verte lagt fram sak om dette i samferdselsutvalet sitt møte 12. mai d.å.

**Aud Karin Oen** stilte i fylkesutvalet sitt møte 19.02.2015 slikt spørsmål:

"Syner til vedtak om Austrheim vidaregåande i fylkesutvalet i januar. Det kunne vore greitt å vite kva tidsperspektiv fylket har, spesielt med tanke på investeringane som må komme til nybygg. Kan ein rekna med at rehabilitering av eksisterande bygg vert igangsett ganske snart?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Fylkestinget gjorde 12.03.2013 slikt vedtak i sak 1/13 Skolebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2012-2025, del 2:

c. *Austrheim vgs vert oppretthalden, med fagtilbod og dimensjonering som vist i saksutgreiinga. Dette inneber at elektrofag (EL), helse og oppvekstfag (HO), teknikk og industriell produksjon (TIP), studiespesialiserande (ST) og restaurant- og matfag (RM) vert vidareført. Bygg- og anleggsteknikk (BA) og påbyggingskurs til generell studiekompetanse (PÅ) vert lagt ned. Fylkeskommunen arbeider for at Hordalandsavtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vidareført og at Sogn og Fjordane fylkeskommune forpliktar seg til minst å dekke ein fast årleg sum slik at den økonomiske situasjonen for skulen vert meir føreseieleg. Skulen må rehabiliterast eller få nybygg. Det skal greiaast ut om 8-13-skule kan vere ei berekraftig løysing for Austrheim vgs på sikt. Fylkestinget ønskjer at skulen vurderer å etablere TAF-modell retta inn mot lokalt næringsliv og mot barne- og ungdomsarbeidarfaget.*

Austrheim vidaregåande skule held til i to åtskilde bygg på Mastrevik. Hovudbygget som fylkeskommunen eig, er eit ominnreidd industribygg frå 1972/1978 med bruttoareal på ca. 3.000 m<sup>2</sup>. I tillegg leiger vi ca. 1.500 m<sup>2</sup> i eit gammalt fabrikkbygg som ligg i gangavstand frå skulen. Leigeavtalen går fram til 2020. Fylkeskommunen har motteke tilbod om å kjøpe fabrikkbygget, men har takka nei.

Både hovudbygg og leigebygg har trong for rehabilitering, og for hovudbygget har vi gjennomført eit skisseprosjekt med tilhøyrande kostnadsoverslag. Skal bygget oppgraderast til dagens standard, viser skisseprosjektet at kostnaden er tilnærma det same som for eit nybygg.

Fylkesrådmannen vil kome tilbake til vidare utvikling av Austrheim vidaregåande skule i høve rullering av skolebruksplanen."